



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9357 - 22/10839

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
07.02.2022

Førebells svar trong for tilleggsopplysning - gbnr 172/197 Hopland

Tiltak: Oppføring av vertikaldelt 2 mannsbolig - dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 172/197
Tiltakshavar: Linda Eirin Skår
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjeldande reguleringsplan for Seim skule blir supplert av kommuneplan der reguleringsplan er mangelfull. Vi syner her til føresegn 3.1.1 i kommuneplan der det er satt eit minstekrav til tomtestorleik for tomannsbustad på 1000 m². Vi kan ikkje sjå at søknad om dispensasjon gjeld for dette punktet og ber om at dette vert ettersendt.
2. Vidare syner vi til søknad om dispensasjon i frå avstand til offentleg veg, herunder dispensasjon i frå byggjegrænse mot offentleg veg. Det går ikkje fram av innsendte søknad om dette kun gjeld for støyskjerm eller om bustaden også er i konflikt med byggjegrænse, og ber om avklaring av dette også, samt minsteavstand til midtveg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.02.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS

KNARVIK

5914 Isdalstø